
Fra: Marthe Toft [mailto:marthe_toft@hotmail.com]
Sendt: 9. mars 2014 17:30
Til: Postmottak HOD
Emne: Høyring - reservasjonsrettordning for fastlegar

Hei,

Syner til høyringsbrev 21.01.2014, og vil med dette benytte meg av moglegheita til å gi ei høyringsuttalelse.

Det er mange ting eg meiner er feil med å gi fastlegane ein reservasjonsrett som gjer at dei kan reservere seg mot å tilvise kvinner til abort. Eg, og alle andre norske kvinner, har ein rett til sjølvbestemt abort inntil veke tolv, fastlegane har ikkje ein rett til å vere fastlegar. Politikarane som argumenterar for ein slik reservasjonsrett nyttar seg ofte av argumentet om at det er mogleg for kvinner å kontakte sjukehuset direkte for abort. Likevel ser vi at mange sjukehus tilrår at kvinner skal snakke med fastlegen sin fyrst. Mange kvinner har ikkje moglegheit til å sikre seg mot å møte ein reserverane lege. Eg sjekka i dag, eg kan ikkje bytte fastlege fordi alle har fulle lister. Andre grunner til at kvinner kan møte ein reserverande lege kan vere alder og norskkunnskaper.

Det er eit grunnleggjande prinsipp at pasienten sine ynskje og behov skal stå fremst når ein møter fastlegen sin, denne ordninga vil ta frå mange kvinner nettopp det.

Helsing
Marthe Knivsflå Toft